# Referat frå årsmøte i Interesselaget Vangssago 2014

Sagestovo 26.3.2015 KL. 20.00

Det var 11 medlemer til stades. Styreleiar Knut Førland ønskte velkomen.

Saker til handsaming

1. **Val av møteleiar og 2 personar til å skrive under protokollen**
   Knut Førland vart vald til møteleiar og Karin Thauland vart vald til skrivar. Til å underskrive protokollen saman med skrivar vart Knut E. Skåla vald.

2. **Godkjenning av innkalling og saksliste**
   Innkalling saksliste vart samrøystes godkjend.

3. **Godkjenning av årsmelding for 2014**:
   Knut Førland presenterte årsmeldinga som vart samrøystes godkjend.

4. **Godkjenning av rekneskapen for 2014**.
   Johanna Kalstad gjekk gjennom rekneskapen som syner eit underskot på kr 90.774. Det er verd å merke at kr 80.000 i tilskot frå Gjensidigestiftinga er inntektsført i 2013, medan utgiftene i all hovudsak kom i 2014. Arbeidet med den nye heimesida som vart utført i 2013, vart også først fakturert/kostnadsført i 2014. Laget har pr. 31.12.14 kr 118.927 på bok.

   Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

5. **Godkjenning av arbeidsprogrammet for 2015.**
   Det var ikkje lagt fram arbeidsprogram, men det nye styret får fullmakt til å utarbeide det. Samrøystes godkjend.

6. **Godkjenning av budsjettet for 2015**.
   Knut Førland la fram styret sitt framlegg til budsjett som vart samrøystes godkjend.

7. **Fastsetjing av medlemspengar for 2016**.
   Styret la fram framlegg om uendra kontingent: 150 kr for einskildmedlemar og kr 500 for bedrifter. Framlegget vart samrøystes godkjend.

8. **Val.**

På vegne av valkomiteen som ikkje kunne delta på årsmøtet, presenterte Knut Førland komiteen sitt framlegg. Leiar og 2 styremedlemmer er på val. Knut Førland hadde på førehand meddelt valkomiteen at han ikkje tar attval etter å ha vore leiar sidan 2006.

Styreleiar: Terje Hellingsrud - ny. Vald for eit år.
Styremedlem: Olger Leganger - attvald for to nye år
Styremedlem: Johanna Kalstad - attval for to nye år
Styremedlem: Leif Nygård - ikkje på val
Styremedlem: Karin Thauland - ikkje på val

Valkomité: Olav Guddal og Gunvald Friheim attvald for eit år.
Revisorar: Kåre Eik og Morten Nygård attvald for eit år.

Det kom ingen andre framlegg. Alle vala vart gjort samrøystes ved akklamasjon. I tråd med vedtektene konstituerer styret seg sjølve.

Knut Førland takka for svært godt samarbeid og ei interessant tid som styreleiar, og ønskte den nye styreleiaren lykke til. På vegne av styret takka Johanna Kalstad den avtroppande styreleiaren for innsatsen, og overrekte han ei flott blomehelsing.

9. **Innkomne forslag:**

Det var ingen innkomne forslag.

Møteleiar takka for frammøtet og heva deretter årsmøtet kl. 21.00.

Rosendal 7/4 - 15

Knut E. Skåla
Knut E. Skåla

Karin Thauland
Karin Thauland